

brenntorv og 220.000 m³ strøtorv innenfor det inventerte område.

Strøtorvforekomstene og storparten av brenntorvforekomstene ligger stort sett bra til for utnytting. Det skulle derfor knytte seg store interesser til disse forekomster, særlig til strøtorva da torvstrø er en meget etterspurt vare i dette distrikt.

JORDVERNINTERPELLASJON I NORGES STORTING.

Interessen for vern om Norges jord er f. t. ganske stor. Dette viser bl. a. en interpellasjon som stortingsmann K. Ytre-Arne (Hordaland) fremsatte den 13. desember i fjor, og som ble fulgt av en interessant debatt. Interpellasjonens ordlyd var:

«Er Riksstyret merksam på den øyding av dyrka jord som på ymse måtar går for seg, og kva kan Riksstyret gjera til å verna kulturjordi mot slik øyding?»

Vi gjengir i det følgende i sin helhet både interpellantens 1. innlegg og statsråd Nordbø's svar, samt interpellantens svarreplikk til statsraden. I den etterfølgende debatt deltok representantene Lunde, Flatabø, Ramndal, Holm, Nyund, Kong, Tøndel og Aidor Ingebretsen, foruten statsråd Nordbø og interpellanten. Plassnensyn gjør at vi kan ikke gjengi selve debatten, men vi tar med et kort utdrag av herr Ytre-Arne's siste innlegg hvor han bl. a. gir et kort sammendrag fra debatten.

Ytre-Arne: Det er den dyrka jorda som er grunnlaget for jordbruksproduksjonen i landet vårt. Difor vert òg sjølv jordspørsmålet eit sentralt spørsmål både når det gjeld jordbruket som næring og for samfunnet i det heile. I vårt land har vi diverre lite dyrka jord, berre 8—9 millionar dekar. Men både samfunnet og den einskildde jordeigaren har hatt stor interesse av å få så mykje jord oppdyrka som råd er. Jamvel i 10-året 1939—1949 med ein 5 års krig vart det dyrka opp mellom 300 000 og 400 000 dekar ny jord, og no ligg vel nydyrkinga på om lag 50 000 dekar årleg. Eg minner òg om dei store årlege tilskota som er gjevne til dette arbeidet. Men trass i tiltaka ser det ut for at den dyrka jorda aukar svært lite, og det samla jordbruksareal i landet vårt er jamvel gått tilbake. Eg syner til stortingsmelding nr. 1 for i år, Nasjonalbudsjettet, tabell 19.

Det er difor ikkje nok å leggja ny jord under kultur, det gjeld å halda hand over den jorda som er dyrka, så ho ikkje kjem bort eller vert ringare eller beint ut lagd øyde. Med andre ord, eg meiner det her trengst vern om dyrka jord.

Dette synet at her no kan trengast å verna jorda mot øydelegging har før gjevi seg utslag m. a. i lov om vern mot øydelegging av jord, datert 18. mars 1949. Når styremaktene den gongen — departement og storting — såg det naudsynt å gå til eit slikt tiltak, var det sjølv sagt i full vedkjenning av jorda sitt verd, og at ho ikkje må øydest

opp. Men dette vernet i lovs form gjeld berre udyrka jord, nærare sagt myrjord som vert nytta til visse tekniske føremål.

Når eg i dag, i interpellasjonsform, har teki fram dette spørsmålet og ber fram for Riksstyret om det kan ta nokre rådgjerder eller gjera noko for å verna om den dyrka jorda, kulturjorda, er det ut frå det såre faktum at denne jorda, det vil seia den mest verdfulle jord vi har og den som har kosta samfunnet mest, kan verta ute for øyding og ta skade og såleis treng vern i dei former det måtte høva. I denne samanhengen kan eg nemna eit privat lovframlegg, sett fram 28. februar i år av stortingsrepresentantane Borgen og Lunde, der det i overskrifta til lova m. a. er nytta nemninga «lov om vern av dyrket jord», og likeins nemner eg eit vedtak som er gjort i styremøtet i Norsk Bonde- og Småbrukarlag 10. november d. å. om å senda ei oppmoding til departementet om å ta serlege rådgjerder til vern om dyrka jord. Dette syner til fullnads at her knyter det seg store interesser til dette å kunna verna den jorda som alt er dyrka.

Men før eg no kjem inn på spørsmålet jordvern og det som her måtte koma på tale, er det turvande kort å peika på korleis kulturjorda kan ta skade og verta lagd øyde. Vi kan då dela det i to—tre grupper: For det fyrste den skaden som kjem av naturlege årsaker, anten den kjem av naturkreftene åleine eller det er eit samspel mellom dei og den måten menneska nyttar jorda på, altså driftsmåten. For det andre den innverknad dei sosiale tilhøve i samfunnet har på jorda, det vil seia at jorda kan verta brend opp eller lagt ut til vegar, til tufter av ymse slag, idrotts plassar, parkar, militære tiltak og mykje slikt. Og for det tredje det at dyrka jord vert lagd øyde ved at garden i det heile vert lagd ned og fråflytt, ei ovring som slett ikkje er uviktig i dag, anten årsaka er det eller det. I alle høve vert resultatet det same, at dyrka jord ikkje vert nytta til det ho var tenkt til.

Naturkreftene kan gjeva ymse utslag. Eg nemner slikt som jordskred, ras, jordfok, erosjon eller utgraving, utvasking og flaum, og endeleg den moldingsprosessen som går føre seg gjennom oksydasjon og nitrifikasjon av humusemna i myrjord. I mange høve er det eit samspel mellom fleire av eller alle dei måtar som her er nemnde. I store delar av landet vårt, men kanskje serleg i kyststroka vestpå, er det mykje slik humusjord som ligg beinveges på fjellgrunnen i altfor tunt lag. Når slik jord vert dyrka og nytta til open åker ei tid, minkar ho sterkt i hop og vert beint ut borte som jord, slik at så å seia berre fjellet ligg att. Kor stort tapet av jord kan verta på denne måten, veit ikkje nokon, dertil er spørsmålet for lite granska. Men praktisk røynsle har vi i alle fall. Dei som eig og driv slik jord, kan fortelja at den dyrka jorda minkar sterkt inn år for år. Som døme på det vil eg nemna at landbrukslærer Byrkjeland ved Stend landbruksskule i Hordaland har funni ut at myr der på skulen har sokki 1,5 m på 65 år. Den same læraren har etter oppgaver han har samlar inn frå bønder i 33 herad i fylket funni ut at molda minka

inn ved vanleg skiftebruk jamt over 2 cm for året. Eg er klår over at dette er ukjende ting for store delar av landet vårt, og det høyrest gjerne rart at dette vert bori fram i Noregs storting. Kva kjem dette Riksstyret ved, kan ein spørja. Men for dei mange som bur på desse stadene og som det gjeld, er det eit alvorleg problem som ikkje utan vidare kan skuvast bort. Og dette gjeld serleg dei delane av landet som har lite av dei goder, som elles høyrer med til ein gard, slik som skog t. d.

På årsmøtet i Hordaland landbruksksselskap i 1950 vart det, etter at direktør Løddesøl i Det norske myrselskap hadde haldi eit foredrag om desse spørsmåla, ferda ut eit skriv med føreteljing til departementet der det m. a. heiter:

«...for jordbruket i kystbygdene på Vestlandet er dette spørsmålet så alvorleg at ein må be at det vert teki opp snarast råd er».

I denne samanhengen må eg nemna at Det norske myrselskap lenge har vori klår over at her var eit spørsmål av stor interesse. Det har òg gong på gong peika på det i budsjettframlegget sitt til departementet og på annan måte, og i budsjettframlegget i fjor seier det m. a. at «jordsvinnet er hos oss serleg kritisk på Vestlandet». Eg vil streka under denne fråsegnen frå Myrselskapet og vil beda departementet nøye merka seg det.

Den 28. mars i år sende Landbruksdepartementet ut eit rundskriv om vern av dyrka myr i kyststroka og peika på faren ved å bruka ho uvitug. I det same rundskrivet vert det òg peika på at Rådet for jordbruksforsøk har fått oppmoding om å setja i gang nærare gransking av dette og av dei rådgjerdar som må takast. Dette er gledeleg, og departementet skal ha takk for det som alt no er gjort. Men det er eit spørsmål om det er nok. I alle fall vil det ta lang tid før det ligg føre noko eksakt materiale gjennom forsøk. Og det hender, som vi veit, «kui kan døy medan graset gror».

Når det gjeld jordøying av sosiale årsaker, har vi heller ikkje i dag oppgåver over kor mykje og i kva omfang dyrka jord vert lagd ut til slike ting. I ein pressekonferanse med den noverande landbruksminister, som då var statssekretær, sa han etter «Verdens Gang» den 17. august i år:

«Vi regner med at det blir dyrket om lag 50 000 mål ny jord for året nå. Men på den andre siden går det mye jord vekk til byggetomter, industrier o. l. Idrettsplassene tar også sitt, det ser ut til at de helst skal legges i tjukkeste enga. Vi har likevel ikke noe oversyn over hvor mye produktiv jord som blir tatt til andre formål.»

Nei, vi har ikkje noko oversyn over det, men det er ikkje små vidder som årleg vert gjorde uproductive med slike tiltak. No er det slett ikkje mi meining å setja stenge for den utvikling som naturleg høyrer heime, og som må og skal gå føre seg, i eit samfunn i full vokster. Men det eg i denne samanhengen gjerne vil spørja om, er i kor stor mon verdet av jorda som produksjonsfaktor vert vurdert

andsynes dei tiltak som her kjem på tale. Eg vil gjerne høyra i kva former jorda og jordbruket sine interesser og deira syn får koma til orde og gjera seg gjeldande når ein står framfor avgjerd om dette eller hint tiltak, anten det no vert gjort på friviljug måte eller gjennom oreigning? Med andre ord, om det er høve til det, og i kva former det er mogeleg i dag å setja turvande vern om den jord som er dyrka, slik at ho kan verta verande dyrka jord, og ikkje unaudsynleg vert lagd øyde?

Det tredje eg nemnde, det at heile gardar vert lagde øyde, er eit såpass stort spørsmål, med så store perspektiv over seg, om årsak verknad og rådgjerder, at eg her berre så vidt skal nemna det for samanhengen si skuld.

I det heile er dette såpass viktige og vitale spørsmål for jorda sitt verde som produksjonsfaktor, at eg på bakgrunn av dette melder denne interpellasjonen:

«Er Riksstyret merksam på den øyding av dyrka jord som på ymse måtar går for seg, og kva kan Riksstyret gjera til å verna kulturjordi mot slik øydeleggjing?»

Statsråd Nordbø: Dei naturlege årsakene til jordøyding er serleg ras, skred, flaum, og sist, men ikkje minst det jordsvinn som går føre seg i samband med bruken av jorda som kulturjord. Dette svinnet er verst på myrjord, og serleg då på myrjord som ligg på fjellgrunn. Eg skal i denne samanhengen sjå bort frå skred og ras og flaum, sidan det i eit land som vårt er vanskeleg å førebyggja slike skadar. Likevel har det no i seinare tid vorti teke opp eit stort arbeid til vern også mot slike skadar. Myrjord som vert brukt til vanleg skiftebruk, får med tida eit mindre og mindre humuslag. Ein del av dette jordsvinnet har si årsak i dei formoldings- og nitrifikasjonsprosessane som går føre seg, og som er ei fylgje av kultiveringa. Ein del av jordsvinnet kjem seg frå gøftinga. Myrjord sig saman når ho vert grøfta. Storleiken på svinnet er avhengig av driftsmåten, og er størst når jorda vert brukt som open åker, og minst når jorda ligg som kultureng eller beite. Det er likevel slik at kjennskapen til jordsvinnet vårt er lite, og vi veit difor ikkje så mykje om korleis vi på beste måten skal verna oss mot det jordsvinnet som utvilsamt går føre seg, og serleg i einskilde bygder langs kysten. Landbruksdepartementet har difor bedi Rådet for jordbruksforsøk om å ta dette spørsmålet opp på arbeidsprogrammet sitt, og frå ei underavdeling til Rådet er det no komi melding om at arbeidet er teki opp, og departementet vil gjera framlegg om naudsynleg løyving i så måte.

Når det gjeld dei sosiale grunnane til jordøydeleggjinga, som interpellanten var inne på, slike som tap av dyrka jord til tomter, vegar, militære anlegg osv., så er dette spørsmålet no til handsaming hjå jordlovnemnda, og denne nemnda vil truleg leggja fram si tilråding tidleg på nyåret. Når dette så snart kan skje, så trur eg ikkje heller

det er nokon serleg grunn til å ta opp nokon stor diskusjon om dette spørsmålet. Det får vi koma attende til når tilrådinga frå denne nemnda ligg føre, slik at ein har fullt oversyn og kan kjenna seg på tryggare grunn når ein talar om desse ting. Eg kan likevel nemna at departementet med heimel i konsesjons- og ekspropriasjonslovgevinga i den mon det er sakleg og forsvarleg har freista å hindra at dyrka jord uturvande vert teken i bruk til andre føremål enn dei som ho opphavelg var tenkt til.

Til det som interpellanten nemnde om i kor stor mon dei jordbrukskunnige styresmaktene får høve til å uttala seg når dyrka jord vert teken i bruk til andre føremål, kan eg nemna at ekspropriasjons-søknader som gjeld til dømes slikt som idrotts plassar, vert lagde fram for Landbruksdepartementet. Vi har likevel ikkje hand over alle dei friviljuge ordningane som kjem i stand utover i bygdene, og dei er då trass i alt dei fleste. Skulle ein få nokon innverknad på det, måtte ein ha ei ordning med konsesjonslover og med forkjøpsrett i slike høve, og eg går ut frå at desse spørsmåla vert tekne opp i samband med det nye framlegget til jordlov.

Ytre-Arne: Eg skal få takka statsråden for det svaret han gav. Det gjekk tydeleg fram at departementet var merksam på at det her var ei jorddøyding som gjekk føre seg. Han gav og til kjenne at det var visse tiltak i emning som her ville koma på tale. Endå om statsråden meinte at det ikkje no i dag skulle vera nokon grunn til noko stort ordskifte om desse ting, vil eg likevel få lov til å koma med nokre merknader til det svaret som han gav.

Når eg har teki fram her i dag spørsmålet om jordvern, så meiner eg med det alle dei tiltak og rådgjerder av ymse slag som her kan verta sette i verk for å hindra at jorda tek skade eller vert lagd øyde. Og dersom ein no vedkjenner seg det synet at det er den dyrka jorda som er grunnlaget for produksjonen, skjønar ein at i eit land som vårt med så lite dyrka jord, er ikkje dette spørsmålet noko uviktig spørsmål. Slett ikkje.

Eg vil nemna at dette spørsmålet er såpass viktig at det og har vori teki opp internasjonalt. Eg vil nemna at FAO, nærings- og landbruksorganisasjonen til FN, har teki jordvern opp som serskild sak på programmet. Det har dei siste åra haldi jordvernkonferansar, der direktør Løddesøl i Det norske myrselskap har møtt frå vårt land. På den fyrste av desse konferansane, i Firenze i Italia hausten 1948, var det sett opp 8 punkt om korleis arbeidet for å verna jorda skulle drivast. I den rapporten som den norske representanten har gjevi, og som er send den norske FAO-avdeling og Landbruksdepartementet, står det som punkt 1 at det

«først og fremst bør settes i gang opplysningsvirksomhet så at flest mulig mennesker blir oppmerksom på faren ved at jordsmonnet ødelegges, og nytten ved arbeidet for å bevare det».

I punkt 4 i den same rapporten står det m. a. at alle «institusjoner som underviser i bruk av jord, bør ta opp jordvern-saken i undervisningen».

Og endeleg står det i post 8 at

«Myndighetene i de forskjellige land må bli kjent med de vitale interesser som står på spill ved at dyrket jord blir tatt i bruk ved, bymessige og industrielle utbygginger.»

Denne rapporten er send Landbruksdepartementet frå den norske representanten for konferansen.

Den andre jordvernkonferansen vart halden i Amsterdam i juli i fjor, og i rapporten derifrå heiter det millom anna:

«Et viktig punkt på dagsordenen var hvordan en på beste måte skulle få gjort almenheten oppmerksom på først og fremst jordas verdi som produksjonsfaktor.»

Op i denne samanhengen vart det peika på at det bør setjast i gang undervisning i jordvern ved landbrukshøgskulane og ved visse universitetsfakultet, ved lærarskulane og våre vanlege landbruks-skular.

Som ein ser, vert det lagt stor vinn på undervisning, på opplysning og kunnskapsgjeving om jorda sitt verde som produksjonsfaktor. Eg meiner vi her er inne på eit viktig felt som kan få mykje å seia. I tillegg til dei skular og institusjonar som var nemnde i rapporten, vil eg for vårt land føye til den tekniske høgskulen vår. Der vert ingenørane og arkitektane våre utdana. Dei kjem seinare i arbeidet sitt ofte saman med representantar for dei interesser som knyter seg til jorda, og skal dei kunna vurdera jordinteressene andsynes det som knyter seg til andre tiltak som vassregulering, vegar, turter, plassar av ymse slag, er det og turvande at dei får ei grundig undervisning om jord- og jordvernsspørsmål.

Det må i det heile, meiner eg, ikkje gå på slump lenger dette med å kunna leggja dyrkja jord ut til nær sagt kva som helst utan at jorda og verde av henne vert vurdert som produksjonsfaktor. Men omfram det at dei som arbeider med desse ting, og er jordkunnige, må det administrativt verta ein sterkare koordinasjon av dei interesser som her møtest. Statsråden nemnde at dette spørsmålet er under arbeid i jordlovkomiteen. Vi får tru at dei kan kome fram med positive råd-gjerder. Når det gjeld spørsmålet om jordøyding i kyststrok, vil eg berre få streka under at det hastar med at ein der kan nå fram til eit verdiullt resultat. Eg vil og nemna at forutan Rådet for jordbruksforsøk bør og Norges Landbruksøkonomiske institutt ta seg av desse spørsmål. Det har ei viktig oppgåve der igjennom driftsøkonomiske granskingar å koma fram til det som måtte høva av driftsmåtar. Eg er ikkje i tvil om at driftsmåten på gardane heng nøye i hop med jordøydinga. Her vil eg og få koma inn på at den stønads-politikken som har vori driven, har verka inn på driftsmåtane, og dermed har vi fått jordøyding. Eg tenkjer mellom anna på to slike

tiltak som korntrygd og potettrygd, baa i og for seg sers gode tiltak, men skal ein få nytte av dei, må det haldast åker. Dette har ført til at sume har haldi meir åker enn det var forsvarleg. Når det i dag likevel i mange bygder er lite att av åker, er nok grunnen den at det ikkje er brukande åkerjord att, sett frå eit forsvarleg driftssyn. Men kunne desse brukstypane fått brukt meir kraftfor, og dermed driva eit større og meir allsidig husdyrhald med eng og beite til grunnlag, kunne dei både fått eit rimeleg innkome av garden og samstundes sloppi å drivi rovdrift av jord, noko som det altfor mykje har vori.

Dette er spørsmål som har vori vigde altfor lita interesse etter mi meining, men som må takast opp på breitt grunnlag til analyse og gransking, og eg seier det opp att: Det hastar.

Eg vil til slutt berre nemne at då arbeidet med vern av udyrka jord vert teki opp, det arbeidet som til sist gav seg utslag i jordvernlova, var det fyrst ein jordlovkomite i arbeid. Denne komiteen som vart oppnemnt av Landbruksdepartementet i 1936 med direktør Lødde-søl til formann, arbeide etter ein plan vi kan seia var slik:

For det fyrste å få granska sjølve omfanget av jordøydinga.

For det andre å finna årsaka til ho, anten det er naturlege årsaker eller andre.

For det tredje å koma med framlegg til boteråder.

Eg kunne tenkja meg at ein liknande måte burde nyttast no. Om ein skal ha ei serskild nemnd til å taka dette arbeidet opp, eller om departementet med dei organ som det rår over, skal gjera det, det kan drøftast. Det som er hovudsaka for meg, er at spørsmålet om jordøydning verkeleg vert klårlagt, og at det vert lagt ein samla plan for korleis arbeidet skal takast.

Eg går ut ifrå at det ikkje er noko i vegen for at eg kan koma med eit framlegg når det gjeld dette spørsmålet, og eg skal då få koma attende til det.

Her følger de fleste av innleggene i debatten, og vidare Ytre-Arne's siste innlegg, hvorav vi siterer:

Til slutt eit stutt samandrag av det som her har vori haldi fram av dei som har hatt ordet til denne tid. Hr. Lunde peika på at det trengst lov til vern om dyrka jord, og hr. Flatabø nemnde og at det kunne trengast brigde i skattelova med tanke på dette spørsmål. Hr. Ramndal var inne på stormskaden og verdet av verneplanting kringom. Hr. Holm stødde dette, og han peika dessutan på den skaden som fylgjer med flaum. Hr. Nylund streka sterkt under ras og den skaden som kan skje på grøftkantane osv. Og endeleg kom hr. Rong inn på verdet av desse jordlappane i kystbygdene, og han så beint ut at det ville bli ein katastrofe, dersom det er slik at jorda minkar 2 cm for året.

Det er såpass mange interesser som er kome til orde, at eg trur

eg har dekning for alt dette når eg no kjem med eit framlegg. Eg har konferert med statsråden om det, og han har ingenting imot å ta imot det. Det lyder slik:

«Stortinget oppmodar Riksstyret om å ta opp til vidare gransking omfanget av og årsaki til at dyrka jord vert lagd øyde, og ta eller/ koma med framlegg om turvande rådgjerdar til å verna kulturjordi mot slik øyding».

Etter forslag av Presidenten vedtok Stortinget enstemmig å over- sende interpellantens forslag til Regjeringen.

KVARTÆRGEOLOGISK LANDGENERALKART OVER OSLO-OMRÅDET.

På Det norske myrselskaps årsmøte i 1946 holdt statsgeolog dr. Gunnar Holmsen et foredrag med titelen: «Jordbunnskartlegging sett fra kvartærgeologisk synspunkt». Foredraget er referert i Myrselskapets «Meddelelser» nr. 3, 1946. Foredragsholderen meddelte at det ved Norges geologiske undersøkelse — under hans ledelse — hadde pågått kvartærgeologisk jordbunnskartlegging helt siden 1936, og at 3 landgeneralkarter i mst. 1 : 250.000 allerede var ferdige til trykking. Trykkingen hadde imidlertid blitt forsinket så ingen av kartene var publisert da foredraget ble holdt.

Det første av disse kartene gjelder Oslo-området og er nå utgitt i serien «Norges geologiske Undersøkelses skrifter» (Nr. 176, Oslo, 1951). Lederen av kartleggingsarbeidet, dr. Holmsen, har gitt en innledende beskrivelse til kartet, og for øvrig inneholder skriftet meldinger av samtlige medarbeidere i kartleggingsarbeidet. Følgende har deltatt i markarbeidet og skrevet meldinger:

1. Elias M. Mevang: «Undersøkelser over moreneavsetninger i Borge og Ullerøy».
2. Einar Frestad: «Rolføy—Onsøyområdet i Østfold».
3. Nils Lie: «Kvartærgeologiske undersøkelser i Slagen».
4. P. Wettergreen Jensen: «Kartleggingen på bladet Setskog».
5. Ludvig H. Hertzberg: «Fet øst for Øyeren og området omkring Lillestrøm».
6. Fridtjov Isachsen: «Rektangelbladene Øymark, Aremark og Boksjø».
7. Halvor Rosendahl: «Områder innen rektangelbladet Eidsberg».
8. Isak Undaas: «Områder i Østfold og sørligste Akershus».
9. Andreas Samuelsen: «Området vest for Oslo og Oslofjorden».

Vi kan ikke her gå inn på beskrivelsene for de enkelte områder, men skal ta med en del fra dr. Holmsens innledning.

Til kartleggingsarbeidet har dr. Holmsen benyttet studenter, real-kandidater, lektorer ved den høgere skole, landbrukskandidater og